



## MEDLEMSBREV NR. 2 – 2014

### Kjære medlem,

<http://www.olavslettoselskapet.no/> er alltid oppdatert, men det er ikkje alle medlemmene i Olav Sletto-selskapet (OSS) som har denne tilgangen, så difor tek me ein kort gjennomgang her.

### Aktivitetar

#### Foredrag

OSS-leiaren, Eva Almhjell, har helde fleire foredrag om Anne J. Sletto-artikkelen, m.a. i Hemsedal og Gol, og sist 18.6.2014 i Geilo kulturkyrkje. Inngangspengar, kr. 100 pr. person denne kvelden, gjekk uavkorta til OSS, som takkar for rausheita. Det møtte omkring 26 tilhøyrarar.

Saman med Brit Kaupang, nyvald medlem i valnemnda i OSS, har Eva Almhjell lese og fortalt frå boka om Per Gjetar (førebelts i Hovet og Hemsedal), og fleire oppdrag ventar utover hausten.

Boka, som blei lansert på Perstølen Libris 26. oktober i fjor, kan kjøpast i bokhandlarar i heile Hallingdal, eller direkte frå Boksmia AS [www.boksmia.no](http://www.boksmia.no)

Per Gjetar ISBN 978-82-91871-32-5

Ei vakker og spennande bok som høyrer heime i alle hytter og hus i heile dalen!

#### Bokprosjekt 2014

Styret la fram tankar om eit bokprosjekt også i 2014, og årsmøtet støtta styret i å gi ut artiklane til Eva Almhjell om Anne J. Sletto og Jørn Øyrehaugen Sunde om den rettshistoriske utviklinga for lause kvinner og lause ungar i bokform (hardback).

#### Ny leiar – nytt fokus

Eva Almhjell orienterte om innhaldet i Årshefte 2014, m.a. om leiartankar i pkt. 1 – kvinnekonspektiv på Olav Slettos liv og litteratur - og om den nylanserte serien MI LESEOPPLEVING i pkt. 5, der medlemmer av OSS blir inviterte til å gi si leseoppleveling av Olav Sletto-litteratur i komande årshefter.

Årsmøtet slutta seg til det nye.

Leiaren takka Kåre Olav Solhjell, Knut Medhus og Elisabeth Aaker for deira innsats i OSS, og ynskte dei nye styremedlemmene, Margarethe L'orange og Maria Søndrol, og Brit Kaupang, ny i valnemnda, velkomne. Sjå møteprotokoll på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)

#### Kari Telste om tenestjentene si historie

Dr. philos. Kari Telste frå Norsk Folkemuseum held til slutt i årsmøtet eit interessant foredrag om tenestjentene si historie generelt og historia om Liv Engebretsen Rødningen (frå Hol - samtidig med Anne J. Sletto) spesielt, noko som ga inspirasjon til eit samarbeidsprosjekt mellom foredragshaldaren og Osvald Medhus. OSS gler seg over at eit årsmøte også kan fungere som møteplass og gi lesestoff til Hol historielags årshefte.

#### Per Sjølv – kjem i august

Arne Skogheim las i si tid inn 6 CD-ar frå Olav Sletto si bok nr. 3 i Per-serien. Opplaget gjekk raskt unda, og fleire har ynskt å kjøpe CD-ane seinare. No har Britt-Mari Sletto funne eit restopplag på 23 eksemplar som vil koma i bokhandelen på Ål og Geilo i august 2014. Løp og kjøp!

#### Gave: Ølkrus frå Karin Bull

Styremedlem Grethe Larsgard Rudningen tok i mot Karin og Anders Bull i pinsa, saman med bibliotekar Teresa Kaupang. Karin Bull hadde med eit ølkrus som i si tid sto i Olav Sletto-heimen. Antikvitetsespesialist Bjørn Seim arbeider med saka. Historia om kruset kjem i neste medlemsbrev og på nettsida. Kruset er no plassert i Olav Sletto-rommet. Gava er gitt etter ynskje frå Irene Muri, yngste dotter til Olav og Karin Sletto, og mor til Karin Muri.

#### Planar framover

**11. september kåserer Erling Rimehaug** om temaet "Naturtru og gudstru – parallele truer i norsk trushistorie?". Møtet er eit samarrangement mellom Olav Slettoselskapet, Ål kyrkjeakademi og Geilo kulturkyrkje, Stad: Geilo kulturkyrkje. Meir info seinare.

#### Medlemskontingenent 2014 - 200 kr.

Nokon kan framleis glede seg til å betala årspengane til OSS! Enkel innbetaling til kontonr. 2333 22 62998. Minner om namn og e-adressa i meldingsfeltet. Tusen takk!

Medlemsinformasjon og nyhende blir publisert etter kvart på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)

#### Sletto-materiale i Hol bygdearkiv

Katalogen over Sletto-materialet i Hol Bygdearkiv finn du på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)

#### Velkommen til ein spennande haust - 2014!

Dette medlemsbrevet blir sendt som skjermbrev til medlemmer vi har e-postadresse til. Til dei som får brevet i posten, men som har e-postadresse: Send melding til [bmsletto@yahoo.no](mailto:bmsletto@yahoo.no)